

Sak 13-24 Ombruk og kravet til gjenbruksbutikkane om betaling ved levering på miljøstasjonen. Orienteringssak

Tilråding til vedtak:

1. Styret tek orienteringa om ombruk og betalingskravet for gjenbruksbutikkane til vitende.
2. Styret ber om at saka vert lagt fram for Representantskapen som orienteringssak.

Saksutgreiing:

Kva saka gjeld:

I VØR sitt område er det i dag to gjenbruksbutikker, og den eine av dei, Gjenbruken Volda, har teke kontakt fordi dei må betale ved levering av overskotsvarer til miljøstasjonen. Nokre butikkar andre stader i landet får levere gratis til miljøstasjon, og Gjenbruken Volda har stilt spørsmål om ei slik ordning er mogleg å få til hos VØR, jf vedlagt brev. Regelverket er imidlertid til hinder for ei slik løysing. Administrasjonen ynskjer likevel å legge fram ei meir generell orienteringssak, slik at styret er kjende med rammevilkåra og kan drøfte evt andre måtar der VØR kan bidra til å fremme ombruk.

Bakgrunn:

Ombruk har siste åra fått sterkt fokus her i landet. Det er naturleg, for idag vert det kasta mykje som framleis har stor bruksverdi. Også VØR har blitt utfordra på å gjere meir for å fremje ombruk, mellom anna i eit vedtak frå Kommunestyra i eigarkommunane i desember 2021:

«Kommunestyret ber VØR, i samarbeid med administrasjonane i eigarkommunane, ta initiativ til eit pilotprosjekt med tanke på å greie ut etablering av ein reparasjons- og gjenbrukssentral i Volda/ Ørsta, til dømes etter modell frå Resirkula på Hamar».

Som svar på oppdraget vart det m.a. gjennomført ein temadag og tilhøyrande dialog med aktuelle samarbeidspartar i mars 2023. Konklusjonen var at det ikkje ligg fysisk til rette på VØR sitt anlegg per i dag, og det er heller ikkje økonomi i å etablere kommersielle ombruksbutikker per i dag. VØR sin økonomiske situasjon tillet per i dag lite ekstra kostnader.

I VØR sin strategiplan for 2024-27 er ombruk løfta fram som eitt av tiltaka under fokusområdet berekraft:

«Per i dag har VØR lite ombruk av avfallet som blir tatt i mot eller samla inn. Det er stort sett berre tekstilane som vi tar i mot på miljøstasjonen som går til ombruk. Men skal ein nå måla om 65% materialgjenvinning og ombruk i 2030, må vi få nytta mykje meir av materiala og

produkta våre igjen, og lage gode og enkle løysingar for ombruk. Ombruk står nest øvst i avfallspyramiden, og ombruk er bra både økonomisk og for klimaet. Frå 2025 skal Noreg ha på plass ei separat innsamling av tekstil frå hushaldningane. Og det er kommunane som får ansvar for denne innsamlinga, og dermed VØR i kommunane Volda og Ørsta.

Men for at VØR skal kunne drive med ombruk, treng vi gode rammevilkår, politisk vilje til å satse på dette og gode samarbeidspartnarar. Dagens rammevilkår avgrensar VØR og kommunane sine verkemiddel for å gjere avfallsreducerande tiltak. Dei lovpålagde oppgåvene er først og fremst å sikre forsvarleg handtering av avfall frå hushaldningane.

Samfunnsbedriftene er pådrivar for at ein skal endre sjølvkostregelverket i tråd med måla om sirkulær økonomi, og dei oppfordrar kommunale aktørar til å finne gode løysingar innanfor gråsonene i dagens regelverk.

Kommunane har heimel til å utarbeide forskrifter, og dette har også Volda og Ørsta kommunar gjort. Ei endring i den lokale forskrifta vil vere eit naturleg steg for at ein skal kunne gjere meir i høve ombruk.»

Ein revisjon av den lokale renovasjonsforskrifta er planlagt starta i 2.halvdel av 2024, og VØR si rolle i høve til ombruk er då planlagt innarbeidd.

Dagens overordna regelverk:

Miljødirektoratet har utgitt ein rettleiar til Avfallsforskriften §15-3 om korleis avfallsgebyra skal fastsettast av kommunane. Sentralt der er sjølvkostprinsippet: alle kostnader med renovasjonstenestene skal dekkast av gebyret, men heller ikkje meir enn det. Der vert det slått fast at renovasjonsgebyret kan dekkje:

- *«kostnader forbundet med forberedelse til ombruk, som kostnader til oppsamling, innsamling, mottak, sortering, kontroll, reparasjon og annen tilrettelegging. Alt som leveres til kommunale avfallsmottak kan regnes for å være avfall, og tilrettelegging for ombruk på slike avfallsmottak er å anse som forberedelse til ombruk.*
- *kostnader for innsamling eller mottak av rester fra lokale loppemarkeder som i hovedsak er organisert av husholdninger, der restene stammer fra husholdninger.»*

Dette betyr at VØR kan nytte gebyrinntekter til å førebu til ombruk, men vi kan ikkje nytte slike midlar til å drifte eller støtte eigen eller andre sin ombrukshandel. Dette er uttykkjeleg spesifisert vidare:

«Når det gjelder kostnader knyttet til forberedelse til ombruk og ombruk, er det bare kostnader forbundet med avfallssektoren som skal dekkes over avfallsgebyrene. Kostnader til mottak, innsamling, sortering og reparasjon er eksempler på slike kostnader. Eventuelle kostnader knyttet til enkle løsninger på avfallsmottak for at privatpersoner kan hente ut ombruksvarer omfattes også.

Kostnader knyttet til drift av større ombruksbutikker og lignende anses ikke som kostnader forbundet med avfallssektorene og skal ikke dekkes.»

Drøfting

Dette regelverket inneber at det gjenbruksbutikkane leverer til miljøstasjonen skal sjåast på som næringsavfall. Når dei butikkane leverer usolgte varer som avfall på anlegget i Hovden, er det såleis som kunde av Retura Søre Sunnmøre (RSS) og ikkje av VØR. Slik vert det også praktisert i dag. Dersom det skal kunne gjevast betalingsfritak, er det eit tilhøve mellom RSS og deira kunde. Når Gjenbruken Volda viser til at andre butikkar i deira system har fått betalingsfritak, reknar vi med at det har skjedd nettopp som ei sponing frå næringssselskapet, og ikkje som eit fritak frå monopolselskapet.

For VØR er det viktig med likebehandling i alt vi føretek oss: alle kundar, abonnentar og verksemdar skal handsamast likt, i tråd med samfunnsoppdraget vi har. Dersom det vert gitt fritak til eitt foretak, må det gjelde alle tilsvarande foretak. Sjølv om VØR er eigar av RSS, er det ikkje ynskjeleg at VØR stiller krav til kva verksemdar eller aktivitetar dei skal sponse.

Det einaste konkrete unnataket frå betalingsplikta som er gitt i Miljødirektoratet sin rettleiar, er det som gjeld loppemarknader. Der er det heimel for å ta imot uselde varer som avfall – utan å ta betaling. Eit anna grensetilfelle er dei som tek på seg mindre arbeid for privatpersonar, som td Småjobbsentralen i Ørsta og Styrk arbeid i Volda. Her har VØR tidlegare gjort ei vurdering av betalingsplikta og konkludert med at dersom oppdragsgjevaren er med i bilen ved t.d. levering av hageavfall, så er det å sjå på som ei privatlevering. Dersom det er td Småjobbsentralen åleine som bringer hageavfallet til miljøstasjonen, så er det å sjå på som ein næringsleveranse som det skal betalast for til RSS.

Som ein ser er handlingsromet for å drive ombruksverksemd innanfor rammene av renovasjonsgebyret strengt regulert. VØR har tidlegare hatt ein byttekrok på miljøstasjonen, og ved ei ombygging av anlegget er det naturleg å vurdere å sette av areal til noko liknande. Eit område der folk kan sette av gjenstandar med fortsatt bruksverdi kan vere svært positivt, og då kan alle, også gjenbruksbutikkane, hente varer der. Utfordringa med denne tidlegare byttekroken hos VØR var at ein ikkje hadde mottakskontroll. Dette trur administrasjonen er eit avgjerande punkt: folk har ulik vurdering av kva som har ombruksverdi, og då bør det vere nokon i mottaket som kan ta imot eller avslå. Vi har også rådd Gjenbruken Volda til å styrke sin mottakskontroll på butikken deira, slik at dei på den måten får redusert omfanget av varer som ikkje har salspotensiale, og med det også kostnadane med levering til miljøstasjon.

Hans Peter Eidseflot

Dagleg leiar

Vedlegg: Brev frå Gjenbruken Volda dat 11.03.2024